



Det er ikkje lenge att til helg og då skal familien Finnøy «prøvebu» hytta i Omenås Hyttegrend for fyrste gong. – Det er ikkje mykje att no, seier Bjørnar Finnøy.

Vi har gledd oss lenge

VALLDAL: Høgt oppe i hyttefeltet til Hallvard Omenås driv Bjørnar Finnøy og gjer klart til at familien skal flytte tinga sine inn i den nye flotte hytta.

– Ja det vert bra dette, når vi vert ferdige og no nærmar det seg. Det var tidleg på hausten 2019 vi kjøpte tomt av Hallvard og bestemte oss for å byggje hytte her i Omenås Hyttegrend. I februar 2020 skreiv vi kontrakt med Valldal Høvleri for ferdig hytte, seier Bjørnar og set i frå seg ei kasse.

EI TILFELDIGHET

Familien har hatt vogn på Muri camping i fem sesongar, der har dei trivest veldig godt og i Valldal likar heile familien seg. Dei hadde lenge vurdert, og tenkt, dei ville bygge seg ei hytte. Kanskje så lenge som i ti år.

– Det var eigentleg litt tilfeldig at vi hamna her. Eg skulle oppom høvleriet ei helg og såg skiltet med hytte-tomter til sals nede ved vegen, og svinga oppom for å sjå. Eg fekk ei god kjensle av plassen,

utsikta var flott og det same var naturen rundt. Då eg kom ned til Muri tok kona og eg ein tur saman, og etter det så var på ein måten prosessen i gang.

– I utgangspunktet ville vi gjerne ha ei hytte nær eit alpinanlegg og samstundes ville vi ha ei hytte som kunne brukast sommar som vinter. Kan du nytte hytta heile året vert ho brukt, og gleda over å ha ei hytte, større. Når det er sagt, så er og ein viktig grunn at vi likar oss veldig godt i Valldal heile gjengen. Her inne har vi alt vi treng, og det er ikkje langt til alpinanlegga på Overøye, Stranda eller Fjellsætra i Sykkylven, seier Bjørnar Finnøy.

Familien bur på Finnøy og Bjørnar er ein ekte «hol-mehippie», fødd og oppvaksen der. Han er fiskar og arbeider som styrmann på linebåten Vonar, som han og er medeigar i. Om bord i linebåten arbeider det 16 mann.

Det var sist veke hytta var ferdig og dei overtok den. Bjørnar har vore der eit par dagar aleine og hengt opp, skrudd, og fått på plass ein heil del.

STORE TOMTER

Det er ikkje langt frå Finnøy til Valldal, avstanden i kilometer er kort, men klimaforskjellane er store. Bjørnar fortel at på Finnøy er det to hyttefelt, der er det mest folk i frå byen Ålesund, og dei som bur lenger inne i landet som har hytte. Nokre kjem ut til havet og andre reiser inn til fjord og fjell.

– Når eg tenkjer attende, synest eg å hugse det alltid var skodde på Finnøy, men no er det ikkje det lenger. Det er varmare og lunare her inne i Valldal. Det er eit flott terreng og fjella og fjorden nyt vi i fulle drag.

– I Omenås Hyttegrend er det fint. Det er romsleg med store tomter, så vi ser ikkje mykje til naboane, viss vi ikkje det vil.

– Hytta tek vi i bruk til helga som kjem, det gler vi oss til. Den er blitt fin, så her skal vi ha det kjekt i mange år. Du ser vi er i ferd med å flytte inn og eg har hengt opp og gjort mykje av det eg skulle gjere, no får kona ta seg av det som står att med å få på plass resten, seier Bjørnar Finnøy.

⇒ ALFRED NILSEN
alfred@storfjordnytt.no



Stik ser hytta til familien Finnøy i Omenås Hyttegrend ut.

Med god utsikt til framtida

NÆRINGS LIV: Omenås Hyttegrend AS i Vall-dal har teikna inn 48 hytter i hyttefeltet. 21 står ferdige og Hallvard Omenås driv og grev ut den 22. tomta.

– Garden heiter Omenåsbakken og det var mjølkeproduksjon på garden tidlegare. For om lag 18 år sidan reiste dyra og eg hadde, slik eg så det, to val. La terrenget gro att eller byggje eit hyttefelt, seier Hallvard Omenås

BYGNINGSMANN

Ein del av terrenget ovanfor garden var overflatedyrka, naturen og terrenget var innbydande og med sin kunnskap om bygg og planlegging i ei tid der mange ville ha ein eigen feriestad, ja då var det ikkje så unaturleg at planane om eit hyttefelt dukka opp.

– Eg hadde lyst til å engasjere meg i noko, skape noko om du vil. Det var i 2001 eg starta å rasle med papira. Tok kontakt med kommune og naboar og så var prosessen så smått i gang. Det var utgangspunktet. Eg synest den gongen, og gjer det no endå meir i dag, at terrenget og naturen her i Omenås Hyttegrend er fin, veldig fin, seier Hallvard.

KUNDEN BESTEMMER

Det tok lenger tid enn han hadde rekna med å kome i gang, men til slutt vart reguleringsplanen godkjend.

– På den fyrste reguleringsplanen var det teikna inn hyttetun med fire-fem hytter i ei klynge, med god med natur i mellom, det var slik eg tenkte i utgangspunktet. Etter kvart som kundane dukka opp med sine ønske, måtte eg lage ein heilt ny reguleringsplan. Kundane ville ha større tomter med godt med plass rundt seg, så då vart det tomter på 1,2 til 1,5 mål. Eg brukte betydelege beløp på omreguleringa og for å kome i gang. No er kundane godt nøgde, du skjonar, dei investerer på eit vis i fred og ro og. Det er fyrst og fremst naturen og turterrenget dei set pris på, men det skadar ikkje at det er lysløyper like i nærleiken og ein fotballbane, seier Hallvard Omenås og ler.

– Eg har samarbeidd nært med Valldal Høvleri, eller Byggtorget Valldal som det no

heiter. Og hadde eg ikkje det, ville eg nok ikkje kome så raskt i gong. Saman tok vi ein sjanse og starta med å sette opp fem tømmerhytter for så å selje dei. Eg er sjølv medeigar i Vall-dal Høvleri, så når styret skulle handsame saker om kjøp av tomter i hyttefeltet, gjekk eg frå som ugild. Alt vart gjort på ein ryddig og formell måte. Den fyrste hytta i Omenås Hyttegrend stod klar i 2009, seier hyttefelteigaren.

INFRASTRUKTUREN

– Det har vore mange og lange arbeidsdagar for å kome så langt som vi er i dag. Eg må innrømme at eg kjende på trykket og risikoen ei tid. Vi hadde ikkje nokon garanti for å få seld dei hyttene vi hadde sett opp. No går det så bra at eg har dei midlane som skal til for å starte å byggje infrastrukturen vidare. Mykje av det arbeidet gjer eg på eiga hand, grev ut tomtene og. Treng eg anna ekspertise leiger eg dei inn, som til dømes sprenging. I terrenget legg eg ned røyrføringar til straum, fiber, vatn og kloakk. Kloakkroyra er 160 millimeter og røyra til vatn 110 millimeter. Vatnet kjem frå bustadfeltet like ved her, og dei får vatnet frå reinseanlegget på Myklebust.

– Kloakken hamnar nede ved gamlehuset på garden. Ein tank på 16 kubikk er delt i to kammer. Eit med fast masse og eit med gråvatn. Derfrå pumpast gråvatnet ut i infiltrasjonsanlegget på ei stor atlege nede ved vegen, seier Hallvard.

VEDLIKEHALD OG MILJØ

Ein engasjert hytteutbyggjar seier kunsten er halde småskog og kratt i sjakk. Velfor-eininga har jamlege dugnader på fellesområda. Grunnen til vegen eig han, og etter at den er laga tek hyttefelleskapet over vedlikehaldet.

– Eg kosar meg med det arbeidet eg no har. Er ein tur oppe i feltet og sjekkar kvar dag. Det hender eg får ein telefon frå hytteeigarane om eg ikkje kan sjekke eit eller anna. Så eg er og ein vaktmeister på eit vis, noko som er heilt greit for meg. Eg sel tenester som snøbroyting, strøing og kant-slått og fordeler kostnadane på alle. No har eg betre tid, eg vart nyleg pensjonist, eg går på mi tredje veke i den nye rolla.

– På fellesområdet står det ei grindløe, ein vedfyrt sauna og eit lite toalett. Grindbygget



Det er ei aktiv velforeining i Omenås Hyttegrend og mykje av vedlikehaldsarbeidet i fellesområdet skjer på dugnad. Slik vert det og fleire gode samlingar av i løpet av året.

fekk eg av Stian Høihjelle. Det var sett opp midt inne i den gamle løa på garden der han budde. Eg ville gjerne ha det, og det fekk eg for så å setje det i stand. Dammen på området er den gamle meierikummen til Ås meieri, den var heilt attgrodd. Eg grov den fram og stelte til området. Det er eit kjekt hyttemiljø her og det vert arrangert mange samlingar gjennom året på denne plassen her, seier Hallvard.

EG LIKER Å GRAVE

Utbygginga av hyttefeltet går no i eit tempo som passar utbyggaren bra. To hytter i året held Hallvard og gravemaskina med arbeid.

– Eg liker godt å grave. I maskina, som er av merke Volvo og er på 15 tonn, kan eg kose meg med varmeapparat og radio. Når alt fungerer er det berre stas. I den seinare tid har etter-spurnaden etter hyttetomter auka. Koronaeffekt kanskje, eg veit ikkje. Mi marknadsføring er dei gode referansane og får gjennom dei som allereie har etablert seg her og som så langt er veldig nøgde. Det er det du må skjonar du, byggje opp tillit over tid. Den økonomiske gevinsten får du fyrst full effekt av når heile feltet er utbygd. Det reknar eg med ikkje vert i mi tid, vi får sjå. No er eg over



Her er det eg gjer kontorarbeidet mitt på hyttefeltet. Eg stikk no innom på høvleriet for å avslutte eit arbeid eller berre for å ta ein kopp kaffi, eg har tid til det no. I løpet av dette året vert eg 70 og no har eg allereie ein måned ansiennitet som pensjonist, seier Hallvard Omenås.

kneika, otta er borte, det gjer godt. Den neste store utgifta er ny høgsenttrafo. Den skal på plass til sommaren og det vert ein del arbeid i det høvet, det er stadig noko å halde på med.

– Av dei 21 hyttene som til no er sett opp her, er det berre fire Valldal høvleri ikkje har bygd. Det er ein god og nyttig aktivitet for høvleriet, saman er vi ein totalleverandør. Vi

har tomta og infrastrukturen, teiknar hytta slik kunden vil ha ho og set ho opp i denne flotte naturen, kjem det frå ein smilande Hallvard, etter ein liten stopp.

⇒ ALFRED NILSEN
alfred@storfjordnytt.no